

**Skriftleg innspel til Kommunal- og forvaltningskomiteen
– Dokument 8:170 S (2025–2026)**

Frå regionråda på Haugalandet og i Sunnhordland

Regionråda på Haugalandet og i Sunnhordland ønskjer å gje si fulle støtte til representantforslag 170 S (2025–2026) om å sikre føreseieleg finansiering for krisesenterbygg.

Krisesentertilbodet er ei lovpålagd oppgåve for kommunane, der trygge og spesialtilpassa bygg er ei heilt avgjerande brikke i vårt arbeidet mot vald i nære relasjonar. Samstundes opplever kommunane at dagens finansieringsordningar ikkje er tilpassa behova for investering i slike bygg.

I vår region samarbeider 16 kommunar gjennom Krisesenter Vest IKS om etablering av nytt krisesenter i Tysvær, med ei kostnadsramme på om lag 120 millionar kroner. Dette er eit døme på at kommunane tek ansvar og finn gode, interkommunale løysingar. Likevel manglar det i dag statlege investeringsordningar som støttar slike prosjekt. Som det går fram av representantforslaget, fell krisesenterbygg utanfor Husbanken sine ordningar.

Dette fører til at kommunane i praksis må bere store investeringar åleine, ein praksis som avvikar frå ordninga som omfattar bygg retta mot andre lovpålagte tenester.

Regionråda meiner det er avgjerande at staten legg til rette for ei investeringsordning som omfattar både nybygg og større rehabiliteringar, og som gjev føreseieleg og tilstrekkeleg finansiering.

Det er vidare viktig at ei slik ordning omfattar krisesenterbygg uavhengig av organisering og driftsform. Det avgjerande må vera behovet for eit trygt og forsvarleg tilbod til brukarane – innbyggjarane i kommunane våre.

Krisesentertilbodet er ei kritisk velferdsteneste som må ha rammer som står i forhold til behova. I vår region hadde krisesenteret i fjor nært 3 000 overnattingsdøgn, og eit gjennomsnittleg opphald på 32 dagar. Det illustrerer både omfanget og alvoret i tenesta, og understrekar behovet for moderne, trygge og føremålstenlege bygg.

Når kommunane tek ansvar for å utvikla gode løysingar, må staten leggja til rette for at dette også kan realiserast i praksis. Regionråda ber difor komiteen støtte forslaget om å inkludera krisesenterbygg i relevante investeringsordningar i Husbanken.

Vedtatt i felles rådsmøte mellom Sunnhordlandsrådet og Haugalandsrådet 26.03.2026.

Monika Lindanger
Rådsleiar Haugalandsrådet

Morten Helland
Rådsleiar Sunnhordlandsrådet